

Reglar for båt plassar, parkering av hengjarar og opplag på land

Bakgrunn og formål

Vågsbygd Seilforening (VSF) tek ansvar for heile området (anlegget) klubben disponerer.

Anlegget er ein knapp ressurs som skal utnyttast til beste for klubben og seglsporten.

For at dette skal skje treng klubben eintydige reglar som omfattar søknad om plass, tildeling og sanksjonar ved brot på reglane.

Plassar for båtar, hengjarar og utstyr vert regulert etter søknad til styret@vsf.no.

Plass vert tildelt av styret eller den styret delegerer oppgåva til.

Alle bruk av - og tilgang til - anlegget føreset at båtens eigar er medlem av VSF.

Det vert kravd avgift for tildelte plassar avhengig av storleik/fotavtrykk.

Satsane gjeld inntil vidare.

Reglar

1. Krana kan berre nyttast av medlemmar som har fått opplæring i bruk.
Mappe for dokumentasjon ligg i bua.
2. Ved sjøsetting må hengjar fjernast frå opplagsplass innan 24 timar. Tomme hengjarar skal berre parkerast på tildelt plass oppe i lia mot avgift.
3. Opplag/parkering på land i sumarsesongen må det søkjast om.
4. Søknadsfrist for båt plass er 1. april og for vinteropplag 10. september.
5. Lagring av private segl og utstyr i bua kan berre skje etter avtale med leiar av jollegruppa. Alt privat utstyr i bua må merkast med namn og mobilnummer.
6. Utstyr som ikkje vert fjerna etter pålegg kan fjernast for eigars rekning og risiko.
7. Satsar for 2019:
 - o Båt plass 3 meter 3000 kr og 2,5 meter 2500 kr.
 - o Parkeringsplass stor hengjar (Drake/Melges/Soling) eller katamaran; 1000 kr.
 - o Parkeringsplass liten hengjar (Yngling) eller stor jolle (Musto); 750 kr.
 - o Parkeringsplass mindre krybbe, jolle (Laser/E-jolle), brett i bua; 500 kr.
 - o Optimistjoller i stativet er gratis.
 - o Parkering på land i hengjar er gratis for dei som har betalt for båt plass og parkeringsplass i anlegget. For andre kostar det 100 kr. pr. påbyrja veke.
 - o Vinteropplag etter kommunale satsar.
8. VSF har ikkje ansvar for skadar som skjer i anlegget.

Styret i VSF, 25. mars 2019.